

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 42/2017

2018/EØS/78/42

av 3. februar 2017

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommissjonsavgjerd (EU) 2016/1621 av 7. september 2016 om vedtaking av retningslinjer for melding til akkrediterings- og lisensutferdingsorgan frå miljøkontrollørar som driv verksemd i ein annan medlemsstat enn den som akkrediteringa eller lisensen vart tildelt i etter europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XX etter nr. 1eag (kommissjonsbeslutning (EU) 2016/611) skal nytt nr. 1eah lyde:

”1eah. **32016 D 1621**: Kommissjonsavgjerd (EU) 2016/1621 av 7. september 2016 om vedtaking av retningslinjer for melding til akkrediterings- og lisensutferdingsorgan frå miljøkontrollørar som driv verksemd i ein annan medlemsstat enn den som akkrediteringa eller lisensen vart tildelt i etter europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 (EUT L 242 av 9.9.2016, s. 32).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2016/1621 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 4. februar 2017, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 3. februar 2017.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann

⁽¹⁾ TEU L 242 av 9.9.2016, s. 32.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.